
Fra: Hilde Lysø <Lyso@ngir.no>
Sendt: 10. desember 2015 15:19
Til: 'postmottak@gulen.kommune.no'; 'postmottak@masfjorden.kommune.no';
Postmottak Meland; Postmottak Radøy; 'postmottak@solund.kommune.no';
'postmottak@austrheim.kommune.no'
Emne: Nye representantskapsmedlemmer NGIR

Hei!

Me kan ikkje sjå å ha motteke informasjon om kven som er valde som medlemmer og varamedlemmer frå dykkar kommune til NGIR sitt representantskap 2015-2019, jf. NGIR sine vedtekter:

§ 8 Medlemmer i representantskapet

Representantskapet i NGIR skal ha 3 medlemmer frå Lindås og 2 frå kvar av dei andre medlemskommunane.

Kommunestyret oppnemnar sine representantskapsmedlemmer, og ein varamedlem meir enn faste medlemmer. Minst halvparten av medlemmene og varamedlemmene frå kvar kommune skal vera medlem i kommunestyret.

Dagleg leiar i selskapet og medlem i styret kan ikkje vera medlem i representantskapet.

Medlemmer i representantskapet vert valde for 4 år. Kommunestyret kan føreta nyval i valperioden. I så fall gjeld nyvalet for resten av valperioden.

Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Me ber om at namn og all kontaktinformasjon (inkl. e-post) på dei medlemmene/varamedlemmene som er/vert oppnemnde vert formidla til oss så snart som råd.

Det vert konstituerande møte for NGIR sitt nye representantskap i februar, der det m.a. vert val av leiar og nestleiar.

Med venleg helsing

*Hilde Lysø
Seniorrådgjevar*



Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS
Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin

Tlf. 56 34 33 20 / 97 54 77 54